



**DET KONGELEGE
KULTURDEPARTEMENT**

Høyringsinstansar, sjå liste

Dykkar ref

Vår ref

Dato

14/2588

02.06.2014

Høyringsbrev – framlegg til endringar i stadnamnlova


Kulturredpartementet sender med dette framlegg til endringar i stadnamnlova på høyring. Framlegga til lovendring fylgjer opp lantst. S. nr. 124 (2008–2009) frå familie- og kulturkomitéen om eit representantforslag frå stortingsrepresentantane Øyvind Halleraker (H) og Olemic Thommessen (H).

Departementet føreslår å endre lova slik at eigaren av eit gardsbruk får rett til å bestemme skrivemåten av bruksnamnet, også når det er identisk med eit nedervd gardsnamn. Departementet har i tillegg gått igjennom fleire føresegner i lova og føreslår språklege og innhaldsmessige endringar som skal gjere lova lettare å forstå og tydeleggjere kva det er ved stadnamna som har krav på vern. Framlegga til endring er så omfattande at det er aktuelt å føreslå ny lov.

Departementet ber om eventuelle merknader til endringsframlegget **innan 2. september 2014**.

Spørsmål kan rettast til seniorrådgjevar Sigfrid Tvitekkja (sigfrid.tvitekkja@kud.dep.no eller 22 24 78 39).

Med helsing


Roy Kristiansen (e.f.)
ekspedisjonssjef


Heidi Karlsen
avdelingsdirektør